

**Skulen får nytte Fjellhaugen-hytta**

23.02.2009

**Kommunen har no sagt ja til at skulen i Uskedalen får nytte Røde Kors-hytta i Fjellhaugen (biletet) for overnatting for elevar i 3.-7. klasse i veke 11.  
Det har tidlegare i vinter vore synfaring av hytta med Kvinnherad Røde Kors Hjelpekorps og rektor Vidar Haugland**



Overnatting vert godkjent på følgjande vilkår:

- \* Brannvernansvarleg under heile opphaldet er Vidar Haugland.
- \* Brannvernleiar har ansvar for naudsynt brannopplæring av brannvaktene.
- \* Det skal kvar natt vera tre vaksne i tillegg til brannvernansvarleg på hytta og ein av desse skal vera vaken brannvakt.
- \* Alle utgangsdører til hytta må til einkvar tid vera måka for snø.

3. klasse skal vera på hytta frå 9. til 10. mars, 4. klasse frå 12. til 13., 5. og 6. klasse frå 10. til 11. mars og 7. klasse frå 11. til 12. mars.

Av Ola Matti Mathisen